

Justisdepartementet

Høyringsnotat 15. juni 2010

**Endringar i
valdsoffererstatningslova**

Høyringsnotat

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Kort om bakgrunnen for valdsoffererstatningsordninga	3
1.2	Bakgrunn for dei lovendingane som no blir foreslått	3
2	Endring av valdsoffererstatningslova § 1	4
3	Valdsoffererstatningslova § 3 andre ledd, føresegner om forelding	5
3.1	Innleiing	5
3.2	Gjeldande rett	6
3.3	Når tek foreldingsfristen til å gå?	8
3.4	Nærare om kravet til kunnskap om skaden og den ansvarlege	9
4	Endring av valdsoffererstatningslova § 13, organisering av klagebehandlinga	11
4.1	Innleiing	11
4.2	Historikk	11
4.3	Klagebehandlinga i dag	11
4.4	Nærare om organisering av klagebehandlinga	12
4.4.1	Hovudregelen i forvaltninga – klagesaksbehandlinga skal skje ”i linja”	12
4.4.2	Fordelar og ulemper ved behandling i nemnd	13
4.4.3	Statens sivilrettsforvaltning som nytt klageorgan	13
4.4.4	Departementets anbefaling	14
4.6	Lovendringsforslag	14
5	Ikrafttreding og overgangsreglar	15
6	Økonomiske og administrative konsekvensar	15
6.1	Presisering av valdsoffererstatningslova § 1	15
6.2	Endring av valdsoffererstatningslova § 13 om organisering av klagebehandlinga	15
7	Utkast til lov	16
	Lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m. (valdsoffererstatningsloven)	16
	Kapittel 1. Lovens virkeområde og nærmere vilkår for erstatning	16
	Kapittel 2. Utmåling av valdsoffererstatningen m.m.	17
	Kapittel 3. Saksbehandling m.m.	18
	Kapittel 4. Sluttbestemmelser	20

1 Innleiing

1.1 Kort om bakgrunnen for valdsoffererstatningsordninga

Valdsbrotsverk har alltid vore eit problem for samfunnet, og ikkje minst for dei valden går direkte ut over. Det å bli utsett for ei valdshandling er ei stor belastning og kan ha alvorlege konsekvensar for helse, sjølvbete, tryggleiksfølelse og livskvalitet for den enkelte. Kriminalitetsoffer fortener å bli tekne på alvor.

Det var Den Norske Advokatforening som først tok initiativet til å få innført ei erstatningsordning for valdsoffer i Noreg. Foreininga sette ned eit utval som leverte innstillinga si i 1970, og på denne bakgrunnen la ei arbeidsgruppe i Justisdepartementet i november 1971 fram eit notat med utkast til reglar om erstatning frå staten for personskade valda ved straffbar handling.

Valdsoffererstatningsordninga vart innført i 1975 som ei rettferdsvederlagsordning, jf. FOR 1981-01-23 nr 8983 om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling (valdsoffererstatningsforskrifta), og vart lovfesta i 2001 som ei rettsordning, jf. LOV 2001-04-20 nr 13 om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling (valdsoffererstatningslova). Ved lovfestinga har valdsopfra fått eit rettskrav på erstatning frå staten når skadevaldaren ikkje gjer opp for seg. I takt med auka kunnskap og erfaring på valdsofferfeltet har lova gjennomgått fleire endringar, sist i 2009 då den øvre grensa for valdsoffererstatning vart heva frå 20 G til 40 G. I 2007 vart blant anna pårørande sin rett til erstatning utvida, og det vart presisert at barn som har opplevd vald mot ein nærstående person har rett til valdsoffererstatning når hendinga er eigna til å skade barnet sin tryggleik og tillit. Vidare vart kravet om melding til politiet liberalisert, og det vart innført ein særskilt foreldingsregel for barn og unge. Etter denne regelen er det alltid tilstrekkeleg at ein søknad om valdsoffererstatning blir sett fram før den som har lidd skade fyller 21 år.

Regjeringa har i den politiske plattformen si for perioden 2009 - 2013 uttalt at den vil gi betre oppfølging til offer for vald og alvorleg kriminalitet. Justisdepartementet følgjer nøye med i utviklinga på området og er oppteke av å ivareta og styrkje stillinga til voldsopfra på best mogleg måte. Evalueringar gjort av Justisdepartementet viser at valdsopfra si stilling er blitt betrakteleg styrkt etter lovfestinga i 2001. Både innvilgingsprosenten, gjennomsnittlege utbetalingar og den totale utbetalinga etter ordninga har auka markant. I tillegg har særleg voldsopfra fått auka merksemd i politiet og i hjelpeapparatet elles.

1.2 Bakgrunn for dei lovendingane som no blir foreslått

Justisdepartementet er ikkje berre oppteke av at voldsopffer skal få fleire og betre rettar, men også av at sjølve ordninga fungerer etter formålet.

For å effektivisere saksbehandlingen og redusere saksbehandlingstida foreslår vi endringer i føresegnene om klagebehandlinga. For å tilpasse lova betre til uskuldspresumsjonen i Den europeiske menneskerettskonvensjon artikkel 6 nr. 2, er det foreslått ei presisering i lova § 1. Høyringsnotatet inneheld òg ei utgreiing om reglane om forelding og korleis desse skal forståast.

På denne bakgrunnen legg Justisdepartementet fram forslag til endringar i valdsoffererstatningslova.

2 Endring av valdsoffererstatningslova § 1

Etter valdsoffererstatningslova § 1, slik den lyder i dag, har *den som har lidd personskade som følge av en straffbar handling som krenker livet, helsen eller friheten, eller dennes etterlatte* rett til valdsoffererstatning frå staten. Kravet om at det må følgje av ei straffbar handling har gitt utfordringar i høve til uskuldspresumsjonen i Den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK) artikkel 6 nr. 2. Den lyder slik i norsk omsetjing:

Enhver som blir siktet for en straffbar handling, skal antas uskyldig inntil skyld er bevist etter loven.

Det blir stilt strengare krav til bevis for straffeskuld enn til bevis for erstatningsplikt. EMK artikkel 6 nr. 2 er derfor ikkje til hinder for at ein person blir dømt til å betale erstatning eller oppreisning etter frifinning for straffekrav for same forhold. I slike tilfelle blir det likevel stilt særlege krav til grunngeving, slik at denne ikkje skapar tvil om at frifinninga er rett, sjå for eksempel dom Rt. 2008 s. 1292. Kravet til grunngeving er svært strengt der oppgitt skadevaldar er frifunnen for straffansvar, men dømt til å betale erstatning til den skadelidne. Sjø for eksempel avgjerd frå Den europeiske menneskerettighetsdomstol i saka Orr mot Noreg (EMDN-2004-31283).

Føresetnaden er såleis at styresmaktene som er ansvarlege for valdsoffererstatningsordninga er særleg nøye med grunngevinga, slik at denne ikkje skapar tvil om at frifinninga er rett. Der det ligg føre ei avgjerd frå domstol i erstatningsspørsmålet vil styresmaktene for valdsoffererstatningsordninga som regel vise til denne. Der det ikkje ligg føre dom, eller der styresmaktene for valdsoffererstatningsordninga vil gi erstatning for meir enn det domstolen har gjort, må styresmaktene for valdsoffererstatningsordninga grunnge avgjerda si særskilt.

For at det skal bli mindre risiko for brot på EMK artikkel 6 nr. 2, foreslår vi å ta inn eit nytt andre ledd i valdsoffererstatningslova § 1. Det vil då òg bli enklare for styresmaktene for valdsoffererstatningsordninga å gi ei god og eigna grunngeving for vedtaka.

Forslaget inneber inga realitetsendring med omsyn til kven som kan få valdsoffererstatning. Det inneber heller ikkje noko endring i beviskravet om klar

sannsynlegovervekt for at den skadelidne har vore utsett for ei handling som nemnt i § 1. Presiseringa er gjort med tanke på dei tilfella der skadevaldar er frifunnen for straffeansvar eller straffesaka er lagt bort. Persongrupper som er omfatta av § 1 første ledd kan òg få erstatning etter andre ledd. Det vil seie at også barn og etterletne kan få valdsoffererstatning sjølv om det ikkje ligg føre ei straffbar handling.

Lovforslag:

§ 1. Lovens saklige virkeområde

Den som har lidd personskade som følge av en straffbar handling som krenker livet, helsen eller friheten, eller dennes etterlatte, har rett til valdsoffererstatning fra staten etter reglene i loven her. Hvis et barn har opplevd vold mot en nærstående person, og dette er egnet til å skade barnets trygghet og tillit, har barnet rett til oppreisning utmålt etter § 6. Barnet kan også kreve erstatning etter §§ 4 og 5. Valdsoffererstatning ytes selv om gjerningspersonen ikke kan straffes fordi vedkommende var utilregnelig som nevnt i LOV 1902-05-22 nr 10: Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven) § 44 eller under 15 år, eller det foreligger overskridelse av nødverge som er straffri etter straffeloven § 48 fjerde ledd.

[Selv om det ikke foreligger straffbar handling, kan den som har lidd personskade som følge av en skadevoldende handling som krenker livet, helsen eller friheten i særlige tilfelle gis valdsoffererstatning fra staten etter reglene her.](#)

Valdsoffererstatning kan dessuten ytes ved personskade som har oppstått i forbindelse med hjelp til politiet eller andre med politimyndighet under arrestasjon, i forbindelse med avverging eller forsøk på avverging av en straffbar handling eller i forbindelse med lovlig pågripelse eller forsøk på dette.

Erstatning etter loven her ytes ikke for skader som går inn under lov 3. februar 1961 om ansvar for skade som motorvogner gjer (bilansvarslova).

3 Valdsoffererstatningslova § 3 andre ledd, føresegner om forelding

3.1 Innleiing

Justisdepartementet har forståing for at det i enkelte tilfelle kan vere vanskeleg å melde eit overgrep til politiet. Mange har påpeikt det urimelege i at krav som stammar frå overgrep i barndommen enkelte gonger blir avslått med bakgrunn i at kravet er forelda.

Justisdepartementet har derfor vurdert om foreldingsreglane for barn som har vore utsette for overgrep bør endrast. Etter ein gjennomgang av reglane meiner vi at det ikkje er behov for ei endring her. Regelverket tek i dag høgde for dei spesielle omsyna som gjer seg gjeldande for barn som har vore utsette for overgrep. For å fjerne eventuelle uklare forhold, vil vi gjere greie for korleis foreldingsreglane skal forståast i samband med ein søknad om valdsoffererstatning, og då særleg med tanke på barn utsette for overgrep.

Foreldingsreglane skal oppfordre til at den som blir skadd fremjar kravet sitt innan rimeleg tid etter at skaden er konstatert. Det er særleg to omsyn som grunngir foreldingsinstituttet. Det første er omsynet til bevis. Å finne ut kva som har skjedd blir ofte vanskelegare etter kvart som tida går. Bevis vil etter kvart bli svekka eller gå tapt, for eksempel fordi dokument er blitt borte eller fordi personar som kan medverke til

oppklaring av saka ikkje lenger er i live. Dette kan òg ramme skadelidne ved at kravet på erstatning fell bort på grunn av mangelfulle bevis.

Det andre sentrale omsynet bak foreldingsreglane er innrettingsomsynet. Den som er påstått å vere ansvarleg vil etter kvart innrette seg på at det ikkje ligg føre grunnlag for erstatningsansvar. Innrettingsomsynet gjer seg i lita grad gjeldande for erstatningskrav mot det offentlege, men det gjer seg gjeldande for skadevaldar. Eit klart etisk og juridisk utgangspunkt er at det er den enkelte skadevaldaren som skal stå økonomisk til ansvar for handlingane sine overfor den skadelidne. Erstatningskravet kan likevel ofte vere verdiløst fordi skadevaldaren, om han er kjent, ikkje har betalingsevne. Valdsoffererstatningsordninga har ein subsidiær karakter som blant anna inneber at staten trer inn i skadelidne sitt krav i den grad valdsoffererstatning blir utbetalt. Dersom kravet er forelda, vil staten ikkje lenger ha høve til regress mot skadevaldar. Foreldingsreglane bør derfor vere dei same for staten som dei er for skadevaldar. Innrettingsomsynet gjer seg såleis òg gjeldande i valdsoffererstatningssakene.

3.2 Gjeldande rett

Ordlyden i forskrifta seier ikkje noko om forelding. Det følgjer likevel av forskrifta § 1 at det kan utbetalast erstatning der det blir funne rimeleg. Omgrepet *rimeleg* opnar for ei fri skjønnsvurdering innanfor dei rammene omsynet til likebehandling tilseier.

Valdsoffererstatningslova § 3 andre ledd lyder:

Søknaden må være fremsatt for Kontoret for valdsoffererstatning før erstatningskravet mot skadevolderen er foreldet etter reglene i foreldelsesloven. Det er likevel tilstrekkelig at søknaden fremsettes før skadevolderens eventuelle straffansvar er foreldet etter reglene i straffeloven eller før skadelidte fyller 21 år.

I dette ligg at ein vurderer både sivil- og strafferettsleg forelding, og legg det for søkjaren beste tidspunktet til grunn.

Etter praksis blir prinsippa i valdsoffererstatningslova § 3 andre ledd òg følgde for saker som blir behandla etter forskrifta. Noko anna ville innebere ei forskjellsbehandling, og ein ville få ein situasjon der dei nyaste sakene var forelda mens dei eldste ikkje var det. Det som er sagt nedanfor er såleis relevant både for saker som blir behandla etter forskrifta og etter lova.

Lov 1979-05-18-18 om foreldelse av fordringer (foreldingslova) § 9 lyder:

1. Krav på skadeserstatning eller oppreisning foreldes 3 år etter den dag da skadelidte fikk eller burde skaffet seg nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlige.

2. Kravet foreldes likevel seinest 20 år etter at den skadegjørende handling eller annet ansvarsgrunnlag opphørte. Dette gjelder ikke ved personskade, dersom

(a) skaden er voldt i ervervsvirksomhet eller dermed likestilt virksomhet, eller er voldt mens skadelidte er under 18 år, og

(b) den ansvarlige, eller noen denne hefter for, før opphøret av det skadegjørende forhold kjente eller burde kjenne til at dette kunne medføre fare for liv eller alvorlig helseskade.

Den absolutte foreldingsfristen etter foreldingslova er med andre ord i utgangspunktet 20 år, men for valdsoffer under 18 år gjeld det ein særskilt foreldingsregel. Sjå meir om dette under punkt 3.3.

Fristane for å reise straffesak går fram av straffelova §§ 67 og 68:

§ 67. Fristen for foreldelse er:

2 år når den høyeste lovbestemte straff er bøter eller fengsel inntil 1 år,

5 år når den høyeste lovbestemte straff er fengsel inntil 4 år,

10 år når den høyeste lovbestemte straff er fengsel inntil 10 år,

15 år når tidsbestemt straff inntil 15 år kan idømmes,

25 år når fengsel inntil 21 år kan idømmes.

§ 68. Fristen for foreldelse regnes fra den dag det straffbare forhold er opphørt. Ved overtredelse av §§ 195, 196 eller lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse §§ 1 eller 2 skal fristen likevel regnes fra den dag fornærmede fyller 18 år.

Fristane avheng av strafferamma og varierer såleis frå 2-25 år. Hovudregelen i straffelova er at fristen blir rekna frå den dagen det straffbare forholdet er *opphørt*, og ikkje som i foreldingslova der fristen startar frå det tidspunktet ein fekk eller burde skaffa seg *nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlige*.

Reglane i straffelova om straffbare handlingar og forelding har endra seg over tid, til beste for offeret. Straffelova § 68 vart endra i 1998 og utvida slik at forelding i saker om seksuelle overgrep (§§ 195 og 196) skal reknast med start frå den skadelidne har fylt 18 år, dersom handlinga har skjedd før dette tidspunktet.

Styresmaktene for valdsoffererstatningsordninga legg som nemnt dei foreldingsreglane som gjeld i dag til grunn også i saker som blir behandla etter forskrifta, jf. ENV-2010-144. Det inneber for eksempel at ein også i gamle saker får nyte godt av den nye føresegna i straffelova § 68, som lempar på foreldingsreglane i nokre saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn.

3.3 Når tek foreldingsfristen til å gå?

Som nemnt ovanfor finst det forskjellige alternativ for forelding i valdsoffererstatningsordninga. For det første har vi den sivilrettslege regelen om at fristen tek til å gå først den dagen då den skadelidne fekk eller burde ha skaffa seg nødvendig *kunnskap* om skaden og den ansvarlege (§ 9 nr. 1). Utgangspunktet her er at kravet blir forelda 3 år etter at den skadelidne fekk kunnskap om skaden og skadevaldaren. Kravet blir likevel forelda når det har gått 20 år frå den skadegjerande handlinga tok slutt, med mindre den skadelidne var under 18 år då handlinga skjedde.

For det andre har vi den strafferettslege foreldingsfristen som blir rekna frå den dagen det straffbare forholdet har *oppført*. Dette inneber at det, sjølv om den sivilrettslege foreldingsfristen har gått ut, likevel er tilstrekkeleg å fremje ein søknad om valdsoffererstatning dersom den blir fremja før strafferettsleg forelding har skjedd.

Dette betyr at den sivilrettslege fristberekninga og kravet til kunnskap om skaden og den ansvarlege, normalt berre er aktuell å bruke på det tidspunktet då den strafferettslege foreldingsfristen har gått ut. Dersom den strafferettslege foreldingsfristen har gått ut og den absolutte foreldingsfristen på 20 år i foreldingslova ikkje har gått ut, vil det måtte gjerast ei vurdering av på kva tidspunkt den skadelidne har fått kunnskap om skaden og den ansvarlege.

I dei tilfella der den skadelidne var under 18 år då den skadevaldande handlinga tok slutt, gjeld som nemnt ikkje den absolutte foreldingsfristen på 20 år. Her har lovgivar utvida foreldingsreglane. I desse tilfella har den sivilrettslege foreldingsregelen derfor inga absolutt ytre ramme. Det inneber at den skadelidne alltid vil kunne fremje kravet så lenge det er under 3 år frå vedkommande fekk kunnskap om skaden og den ansvarlege, jf. foreldingslova § 9 nr. 2. Dette har bakgrunn i ei lovending som vart gjort i foreldingslova i 2004. I Odelstingsproposisjon nr. 38 (2003-2004) om lov om endringer i lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer og finansavtalelova m.m. vart det vedrørende endring av foreldingslova § 9 nr. 2 blant anna uttalt:

Foreldelsesfristen på 20 år har bare betydning i tilfeller hvor fristen på tre år etter nr. 1 ikke løper ut først. Det vil si at 20 års fristen bare har betydning i tilfeller hvor det går lang tid fra den skadegjørende handling fant sted til skadelidte fikk eller burde skaffet seg nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlige. Finner den skadegjørende handling sted tidlig i barndommen, vil 20 års fristen i vesentlig grad løpe mens skadelidte ennå er mindreårig. Man kan tenke seg flere eksempler på skadegjørende handlinger mot barn som først blir tilstrekkelig synlige etter at barnet har blitt godt voksen, for eksempel alvorlig mobbing, seksuelle overgrep og andre former for mishandling. Det kan her gjerne være tale om psykiske senskader, som man først ser konsekvensene av når skadelidte har nådd voksen alder. I slike tilfeller kan det virke støtende at et erstatningskrav bortfaller ved foreldelse før skadelidte har nådd en slik alder at det kan konstanteres hvilke senskader den skadegjørende handlingen har medført.

Foreldingslova § 9 nr. 2 vart endra slik at den absolutte 20-årsfristen ikkje lenger gjeld ved personskade dersom skaden er valda mens den skadelidne er mindreårig. I eit slikt

tilfelle er det altså kravet til kunnskap om skaden og den ansvarlege som avgjer om kravet er forelda eller ikkje dersom kravet blir fremja etter at andre fristar har gått ut. Vi vil derfor i det følgjande seie noko om korleis kunnskapskravet skal forståast ved vurderinga av om eit krav er forelda eller ikkje.

3.4 Nærare om kravet til kunnskap om skaden og den ansvarlege¹

I personskadesaker er det ofte vanskeleg å avgjere når den skadelidne fekk tilstrekkeleg kunnskap om skaden og den ansvarlege. Fordi kvar sak må vurderast konkret og individuelt, kan det ikkje oppstillast faste reglar om når foreldingsfristen etter foreldingslova § 9 første ledd startar. Etter rettspraksis og teori vil fristen ha sin oppstart når den skadelidne har såpass kunnskap om skaden og den ansvarlege at han har ei oppfordring til å gå til søksmål, sjå for eksempel Rt. 1992 s. 1235. Ved orda *burde skaffet seg nødvendig kunnskap*, er det markert at den skadelidne har ei viss undersøkingsplikt.

I Rt.1998 s. 587 uttaler Høgsterett:

Etter rettspraksis foreligger skade i lovens forstand når en faktisk skade har manifestert seg på en slik måte at det objektivt sett kan konstanteres grunnlag for å reise sak om erstatning, jf. blant annet dommene i Rt.1992 s. 603 og Rt. 1996 s. 1134. Hva som nærmere ligger i kravet til at det må foreligge søksmålsgrunnlag eller – som det også uttrykkes – utsikt til et positivt resultat, bør ses i lys av de rettskraftsvirkninger som er knyttet til en dom om erstatning for inntektstap eller mén, og som innebærer at det normalt ikke kan reises ny sak hvis utviklingen blir en annen enn det var grunn til å vente på domstidspunktet. En mulighet for positivt resultat kan på denne bakgrunn ikke være nok.

I Rt.1967 s. 1182 uttaler Høgsterett at det avgjerande i forhold til kunnskapskravet er når den skadelidne visste at han ville bli varig invalid, eller da han med rimelig aktsomhet ville ha fått slik kunnskap.

Om eit krav er forelda avheng altså av når den skadelidne har hatt oppfordring til å gå til søksmål. Det avgjerande blir derfor på kva tidspunkt valdsofferet har fått tilstrekkeleg kunnskap om skaden, eventuelle skadeverknader og den ansvarlege.

For å få kunnskap om skadeverknadene og den ansvarlege, er det nødvendig å ha kunnskap om skaden på ein slik måte at den skadelidne forstår at overgrep har skjedd og at det ikkje er skadelidne si eiga skuld at det har skjedd. Med andre ord må vedkommande forstå at det finst ein ansvarleg skadevaldar. I tillegg må den skadelidne forstå at skadevaldaren si handling har påført han ein skade.

I valdsoffererstatningssaker vil den psykiske skaden kunne føre til at den skadelidne ikkje får tilstrekkeleg kunnskap før lenge etter at den skadevaldande handlinga har opphørt.

¹ Departementet har fått hjelp frå forskar/spesialist i psykiatri og medlem av Erstatningsnemnda for voldsopfre Marianne Jakobsen ved utarbeiding av dette punktet.

Kunnskapen kjem gjerne seinare enn kva ein elles kunne vente ut frå den skadelidne sin alder og utviklingsnivå. Faktorar som i særleg grad kan påverke den skadelidne sin kunnskap, er vedkommande sin alder på skadetidspunktet, relasjon til skadevaldar(ane) og kor lenge skaden har vart og kor alvorleg den er. Andre faktorar av betydning er kor vidt den skadelidne har vore utsett for oppattekte valdshandlingar og om dette har skjedd under store delar av oppveksten. Den skadelidne er særleg sårbar når det er dei føresette som har utført overgrepa, eller dersom dei føresette ikkje har vore i stand til å beskytte offeret mot overgrep frå andre.

Små barn har ofte problem med å hugse og forstå kva som har skjedd, og dei har i tillegg avgrensa kunnskap om kva som er urimelege og ulovlege handlingar. Dersom skadevaldar er i nær relasjon til den skadelidne og/eller er den som kontrollerer den skadelidne sine livsvilkår, kan det i tillegg bli psykologisk nødvendig for den skadelidne å unngå å tenkje på krenkingar og overgrep som har skjedd, for å halde oppe ein best mogleg relasjon til skadevaldar. Dette vil kunne svekkje minnet om det som har skjedd på ein slik måte at hendingane blir vanskeleg tilgjengelege for medvitet over lengre tid (såkalla dissociativ amnesi). Tendensen til å unngå smertefulle minner på denne måten vil auke dersom dei aktuelle handlingane er særleg farlege, krenkande og smertefulle og dersom dei blir tekne opp att over fleire år.

Dette inneber at mange ikkje vil vere klar over at dei har vore utsette for ei straffbar handling før dei har konsultert ein fagperson, for eksempel ein psykiater. Ein psykiater vil kunne gjere seg kjent med den skadelidne si historie og symptom og hjelpe vedkommande til å få betre kunnskap om skaden og den ansvarlege. Ein fagperson vil vidare gjennom ein utfyllande attest kunne bidra til å gjere sannsynleg at hendingane har vore utilgjengelege for den skadelidne over lengre tid, og seie noko om kor vidt skadeverknadene stemmer overeins med den skadelidne si historie. Attesten bør òg innehalde ein diagnose og seie noko om årsakssamanhengen mellom dei påstått skadevaldande handlingane og skadeverknadene. Justisdepartementet meiner altså at det skal stillast strenge krav til innhaldet i attesten. Forskrift 2008-12-18-1486 om krav til helsepersonells attester, erklæringer o.l. bør ligge til grunn for vurderinga av om attesten i den enkelte saka er tilfredsstillande.

Justisdepartementet gjer merksam på at kvar sak må vurderast konkret og individuelt, og vi gjentek at det ikkje kan stillast opp faste reglar om når foreldingsfristen i foreldingslova § 9 første ledd startar.

Den ovannemnde forståinga av foreldingsreglane er lagt til grunn av Erstatningsnemnda for volds ofre, jf. ENV-2010-144 og viser at det ikkje er nødvendig å endre lovverket på dette punktet.

4 Endring av valdsoffererstatningslova § 13, organisering av klagebehandlninga

4.1 Innleiing

Lang saksbehandlingstid blir opplevd som ein belastning for dei som ventar på ei avgjerd i ei sak. Det kan vere vanskeleg for valdsofferer å komme vidare med gjennomarbeidinga av trauma dei har vore utsette for før valdsoffererstatningssaka er ferdig avgjort. Styresmaktene for valdsoffererstatningsordninga har gjort mykje for å effektivisere saksbehandlinga, og søknadene blir meir effektivt behandla enn tidlegare. Likevel er den totale tida som går frå søknaden blir send til saka er endeleg avgjort lengre enn ønskjeleg. Dette gjeld særleg når vedtaka blir påklaga. Justisdepartementet har derfor sett på om klagebehandlinga kan organiserast betre og meir effektivt.

4.2 Historikk

Saksbehandlinga av søknader etter forskrifta var lagt til Erstatningsnemnda for voldsoffererstatning ("Nemnda") som behandla valdsoffererstatningssaker i førsteinstans med Justisdepartementet som sekretariat. Stortingets rettferdsvederlagsutval var klageinstans. Som følgje av stor sakstilgang vart det behov for ei anna organisering. Arbeidsoppgåvene og avgjerdsmyndet vart derfor overført til Fylkesmennene i 1981. Nemnda overtok samtidig klagebehandlinga i valdsoffererstatningssakene, og Justisdepartementet heldt fram som sekretariat for Nemnda inntil Justissekretariata (no Statens sivilrettsforvaltning) overtok oppgåva 1. januar 2004. Kontoret for voldsoffererstatning vart oppretta 1. september 2003 og overtok då fylkesmannen sitt ansvar for å behandle valdsoffererstatningssøknadene i første instans.

Med verknad frå 1. januar 2008 vart det opna for at klagesaker som ikkje byr på vesentlege tvilsspørsmål kan avgjerast av leiaren for Nemnda åleine, og at Nemnda i slike tilfelle òg kan delegere vedtaksmyndet til Statens sivilrettsforvaltning.

4.3 Klagebehandlinga i dag

Forvaltningslova gjeld når ikkje anna går fram av valdsoffererstatningslova, jf. valdsoffererstatningslova § 14 første ledd. Etter forvaltningslova § 28 kan enkeltvedtak påklagast av ein part eller ein annan med rettsleg klageinteresse i saka. Avgjerder i valdsoffererstatningssaker er enkeltvedtak, og dei kan derfor påklagast. Det er bestemt i valdsoffererstatningslova § 13 første ledd at Nemnda er klageinstans for vedtak fatta av Kontoret for voldsoffererstatning. For enkelte sakskategoriar er Nemndas mynde delegert vidare.

Førsteinstansen kan sjølv omgjere egne avgjerder, anten av eige tiltak eller som følgje av ei klage. Høve til å omgjere av eige tiltak har òg ei kvar overordna styresmakt, under dette klageinstansen, jf. forvaltningslova § 35 andre og tredje ledd.

Nemndas avgjerder kan ikkje påklagast vidare, men søkjaren har høve til å bringe avgjerda inn for Sivilombodsmannen, jf. lov 1962-06-22 nr. 08 om Stortingets

ombudsmann for forvaltningen. Ombodsmannen kan påpeike at det er gjort feil eller utvist forsømmeleg forhold i den offentlege forvaltninga. Forvaltninga vil som regel følgje dei signala som Sivilombodsmannen måtte komme med, men forvaltninga pliktar ikkje å gjere dette.

Søklarane har òg høve til å få sakene sine prøvde for domstolane. Dei kan velje å bringe vedtak fatta av Kontoret for valdsoffererstatning direkte inn for domstolane utan å gå vegen om klage til Nemnda, men det vanlegaste er at høvet til å klage igjennom forvaltninga blir prøvd først. Domstolane kan berre kontrollere om vedtaket er lovleg, og eit eventuelt nytt vedtak må fattast av forvaltninga, jf. NOU 2001:32 side 193 flg. og Rt. 2009 s. 170. Domstolsbehandling vil som regel krevje sakkunnig bistand frå advokatar. I tillegg er det ein økonomisk risiko for å bli ansvarleg for kostnadene ved domstolsbehandlinga som kan utgjere betydelege beløp. Det er få valdsoffererstatningssaker som blir førde inn for domstolane.

4.4 Nærare om organisering av klagebehandlinga

4.4.1 Hovudregelen i forvaltninga – klagesaksbehandlinga skal skje ”i linja”

Det klare utgangspunktet og hovudregelen i forvaltninga er at klagebehandlinga skal skje ”i linja”, jf. forvaltningslova § 28 første ledd som lyder:

Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

Forvaltningslova sitt utgangspunkt har samanheng med at ei slik organisering gir fleire fordelar i forhold til instruksar, likebehandling mv. Å leggje avgjerdsmyndet til eit overordna forvaltningsorgan betrar høvet til styring. Klagesaksinstituttet er viktig i kommunikasjonen internt i forvaltninga. Behandlinga av forvaltningsklager gjer det mogleg for eit overordna forvaltningsorgan å kontrollere at underordna organ utøvar mynde i samsvar med retningslinjer og instruksar. Klageorganet kan òg få innblikk i saker som ikkje er påklaga. Dette medverkar til å sikre at sakene blir rett behandla, noko som òg er viktig i eit likebehandlingsperspektiv. Forvaltninga skal derfor ha konkrete grunnar for å fråvike dette utgangspunktet.

Som nemnt over, var valdsoffererstatningsordninga opphavleg ei rettferdsordning med betydeleg færre saker enn i dag. Situasjonen er no ein helt annan enn den var då Nemnda vart oppretta. Justisdepartementet vil derfor i det følgjande vurdere behandling i nemnd opp mot behandling ”i linja” for å sjå kva organisering som er mest formålstenleg i valdsoffererstatningssaker.

4.4.2 Fordelar og ulemper ved behandling i nemnd

Det er ein styrke ved ordninga i dag at Nemnda har betydeleg fagleg kompetanse og erfaring frå saksfeltet. Samansetjinga av Nemnda, ved at leiar og eit medlem har juridisk embetseksamen og eit medlem er spesialist i psykiatri med god kunnskap om vald og traume, gir Nemnda solid medisinsk kompetanse i tillegg til den juridiske. Justisdepartementet meiner at Nemnda gjer eit godt arbeid i dag.

Ein uheldig konsekvens ved den eksisterande ordninga er den ekstra saksbehandlingstida som går med når sakene skal gjennom møte i nemnd. Sakene blir førebudde av Statens sivilrettsforvaltning som sender utkast til vedtak til kvart enkelt medlem av Nemnda. Desse førebur kvar for seg saka som seinare blir behandla i møte i Nemnda. Deretter går den tilbake til Statens sivilrettsforvaltning som syter for utsending av det endelege vedtaket. Blant anna fordi møte i Nemnda blir halde ca. ein gong i månaden, går det per i dag 1 til 2 månader frå Statens sivilrettsforvaltning ferdigstiller utkastet til vedtak til Nemndas endelege vedtak kan sendast ut. Organiseringa med ei nemnd inneber følgjeleg ei betydeleg forlenging i saksbehandlingstida.

4.4.3 Statens sivilrettsforvaltning som nytt klageorgan

Statens sivilrettsforvaltning har sidan 2004 ivareteke sekretariatsfunksjonen for Nemnda. Dette inneber at dei førebur sakene for Nemnda ved blant anna å innhente opplysningar og skrive utkast til vedtak. I tillegg har dei fått delegert mynde til å avgjere saker som gjeld regress overfor skadevaldar, krav om omgjerung der det er klart at det ikkje er lagt frem nye opplysningar i saka, og klager på vedtak om saksomkostningar. Erfaringa viser at delegeringa fungerer hensiktsmessig.

Statens sivilrettsforvaltning utpeikar seg som det naturlege organet ”i linja” til å behandle klage over vedtak i valdsoffererstatningssaker. Både Statens sivilrettsforvaltning og Kontoret for valdsoffererstatning er underlagt Justisdepartementet.

Statens sivilrettsforvaltning har god juridisk kompetanse og avgjer blant anna erstatningssaker i samband med straffeforfølgung. Desse har fleire likskapstrekk med valdsoffererstatningssakene. Statens sivilrettsforvaltning har vidare lang erfaring og kompetanse som overordna klageorgan, for eksempel i saker etter rettshjelpslova. I tillegg har dei sekretariatsfunksjonen for Utvala for rettferdsvederlag. Utvala behandlar søknader om rettferdsvederlag, blant anna frå valdsoffer når tilhøva er så gamle at dei ikkje er omfatta av valdsoffererstatningsordninga (lov og forskrift).

Statens sivilrettsforvaltning har, i motsetning til Nemnda, ikkje medisinsk kompetanse i eigen organisasjon. Slik kompetanse er verdifull og viktig i arbeidet med valdsoffererstatningssakene. Dersom det blir vedteke at Statens sivilrettsforvaltning skal overta som klageorgan i valdsoffererstatningssaker, må dei knyte til seg ein eller fleire eksterne fagpersonar med tilsvarende medisinsk kompetanse som Nemnda har i dag.

Utgangspunktet i forvaltninga er at saksbehandlinga er skriftleg. Etter forvaltningslova § 11 d skal likevel ein part som har sakleg grunn til det, i den utstrekning ei forsvarleg utføring av tenesta tillét det, kunne få høve til direkte kontakt med ein saksbehandlar ved det forvaltningsorganet som behandlar saka. Statens sivilrettsforvaltning vil vere meir tilgjengeleg for slik kontakt enn Nemnda, blant anna fordi Nemnda berre møtest månadleg.

4.4.4 Departementets anbefaling

Det er svært viktig å få redusert saksbehandlingstida i klagesakene. Sakene har allereie vore igjennom mange ledd i straffesakskjeda, og det tek derfor ofte lang tid før søknaden om valdsoffererstatning kan behandlast. Dessutan tek det tid for Kontoret for valdsoffererstatning å behandle ferdig søknaden.

Det tek i dag om lag to månader frå Statens sivilrettsforvaltning har førebudd saka til Nemnda møtest og kan fatte vedtak. Saksbehandlingstida vil derfor bli redusert omtrent tilsvarende dersom Statens sivilrettsforvaltning blir klageorgan. Dette føreset at sakstilgangen ikkje aukar og tilhøva elles er som i dag.

I denne samanhengen bør det nemnast at det i dag er eit betydeleg etterslep av klagesaker i førsteinstansen. Det blir ei stor utfordring å ta unna desse sakene, og dagens system med ei nemnd er ikkje eigna til å handtere ei slik saksmengd. Nemnda har til no klart å ta unna eit stort tal saker, men ytterlegare auke vil gjere det nødvendig å vurdere å ha to nemnder for å få behandla sakene innan rimeleg tid. Dersom to nemnder skal arbeide parallelt, vil det bli ei utfordring å sikre einsarta praksis.

Justisdepartementet kan ikkje sjå at det i dag ligg føre sterke grunnar til å fråvike hovudregelen om at klagebehandlinga skal skje ”i linja” i valdsoffererstatningssaker og ser Statens sivilrettsforvaltning som godt eigna til å overta Nemndas oppgåver. Departementet anbefaler derfor at behandlinga av klager over vedtak gjort av Kontoret for valdsoffererstatning blir overført til Statens sivilrettsforvaltning. Ettersom Nemndas funksjon og form er lovbundne, føreset ei endring i organiseringa ei tilsvarende endring i valdsoffererstatningslova.

4.6 Lovendringsforslag

§ 13. Avgjørelsesmyndighet

Søknader om valdsoffererstatning avgjøres av Kontoret for valdsoffererstatning, [og Statens sivilrettsforvaltning er klageinstans for vedtak fattet av Kontoret for valdsoffererstatning etter loven her](#). Erstatningsnemnda for voldsofre er klageinstans for vedtak fattet av Kontoret for valdsoffererstatning etter loven her. Nemnda har en leder og en varaleder og to medlemmer med personlige varamedlemmer oppnevnt av departementet for 4 år av gangen. Lederen og varalederen skal ha juridisk embetsksamen.

~~— Saker som ikke byr på vesentlige tvilsspørsmål, kan avgjøres av nemndas leder alene. I slike saker kan nemnda også delegere vedtaksmyndighet til nemndas sekretariat.~~

5 Ikrafttreding og overgangsreglar

Ettersom endringane i §§ 1 og 13 berre er av prosessuell karakter, foreslår departementet at endringane skal gjelde uavhengig av når den skadevaldande handlinga har skjedd og uavhengig av når søknaden vart innsend. Dermed kan Nemnda avviklast når lova trer i kraft.

Forslag til overgangsføresegn i endringslova:

Endringene i §§ 1 og 13 kommer til anvendelse for alle saker som behandles etter lovens ikrafttredelse.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

6.1 Presisering av valdsoffererstatningslova § 1

Ei presisering av valdsoffererstatningslova § 1 inneber inga realitetsendring med omsyn til kven som kan få valdsoffererstatning, og forslaget vil derfor ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

6.2 Endring av valdsoffererstatningslova § 13 om organisering av klagebehandlinga

Rekneskapstal frå Statens sivilrettsforvaltning viser at utgiftene til Nemnda var på kroner 944 300 i 2007, kroner 1 036 000 i 2008 og kroner 840 000 i 2009. Dette omfattar hovudsakleg reiseutgifter til møta for dei av Nemndas medlemmer som bur utanfor Oslo, og honorar.

I tillegg medfører behandling i Nemnda utgifter til førebuande saksbehandling hos Statens sivilrettsforvaltning. Utrekningar Statens sivilrettsforvaltning har gjort viser at dei brukar meir tid per sak når dei førebur den for Nemnda enn når dei sjølve fattar vedtak. Dette skuldast at det går med mykje tid til administrasjon og saksbehandling både i forkant og etterkant av møta i Nemnda, så som kopiering av saksdokument, utsending av saksdokument til medlemmene av Nemnda og rettingar i vedtaket etter behandlinga i Nemnda. Når avdelingsdirektør og/eller saksbehandlar er til stades i nemndemøta for å gjere greie for saka er det særleg ressurskrevjande. Dersom Statens sivilrettsforvaltning sjølv kan fatte vedtak i alle saker, vil det gi ei årleg innsparing på om lag kroner 300 000 – 400 000. Statens sivilrettsforvaltning må likevel knyte til seg medisinsk kompetanse tilsvarande den Nemnda har i dag. Dei årlege utgiftene til medisinsk kompetanse er vurderte til kroner 150 000. Differansen mellom nemnde innsparing og nye utgifter hos Statens sivilrettsforvaltning er såleis berekna til ca. kroner 150 000 - 250 000 per år. Utrekningane er baserte på ei årleg saksavvikling lik den i 2009.

På bakgrunn av ovannemnde er den samla årlege innsparinga under kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning, post 01 Driftsutgifter anslått til 1 mill. kroner.

7 Utkast til lov

Lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m. (voldsoffererstatningsloven).

Kapittel 1. Lovens virkeområde og nærmere vilkår for erstatning

§ 1. Lovens saklige virkeområde

Den som har lidd personskade som følge av en straffbar handling som krenker livet, helsen eller friheten, eller dennes etterlatte, har rett til voldsoffererstatning fra staten etter reglene i loven her. Hvis et barn har opplevd vold mot en nærstående person, og dette er egnet til å skade barnets trygghet og tillit, har barnet rett til oppreisning utmålt etter § 6. Barnet kan også kreve erstatning etter §§ 4 og 5. Voldsoffererstatning ytes selv om gjerningspersonen ikke kan straffes fordi vedkommende var utilregnelig som nevnt i straffeloven § 44 eller under 15 år, eller det foreligger overskridelse av nødverge som er straffri etter straffeloven § 48 fjerde ledd.

[Selv om det ikke foreligger straffbar handling, kan den som har lidd personskade som følge av en skadevoldende handling som krenker livet, helsen eller friheten i særlige tilfelle gis voldsoffererstatning fra staten etter reglene her.](#)

Voldsoffererstatning kan dessuten ytes ved personskade som har oppstått i forbindelse med hjelp til politiet eller andre med politimyndighet under arrestasjon, i forbindelse med avverging eller forsøk på avverging av en straffbar handling eller i forbindelse med lovlig pågrepelse eller forsøk på dette.

Erstatning etter loven her ytes ikke for skader som går inn under lov 3. februar 1961 om ansvar for skade som motorvogner gjer (bilansvarslova).

Endret ved lov 21 des 2007 nr. 125 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1576, med virkning for handlinger som har funnet sted etter dette, se endringslovens II). Endres ved lov 20 mai 2005 nr. 28 (i kraft fra den tid som fastsettes ved lov) som endret ved lov 19 juni 2009 nr. 74.

§ 2. Lovens geografiske virkeområde

Voldsoffererstatning ytes når den skadevoldende handling har funnet sted her i riket, herunder Svalbard, om bord på norsk fartøy, boreplattform eller luftfartøy eller på innretning eller anlegg for utforskning eller utnytting av undersjøiske naturforekomster på den norske del av kontinentalsokkelen.

Dersom den skadelidte eller vedkommendes etterlatte hadde bopel i riket på skadetidspunktet, kan det ytes voldsoffererstatning i andre tilfeller enn nevnt i første ledd når særlige grunner tilsier det.

Endret ved lov 21 des 2007 nr. 125 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1576, med virkning for søknad fremsatt etter dette, se endringslovens II).

§ 3. Nærmere vilkår for erstatning

Voldsoffererstatning tilkjennes etter søknad. Søknaden fremsettes for Kontoret for voldsoffererstatning på skjema fastsatt av departementet. Departementet kan fastsette nærmere regler om søknadens innhold.

Søknaden må være fremsatt for Kontoret for voldsoffererstatning før erstatningskravet mot skadevolderen er foreddet etter reglene i foreddelsesloven. Det er likevel tilstrekkelig at søknaden

fremsettes før skadevolderens eventuelle straffansvar er foreldet etter reglene i straffeloven eller før skadelidte fyller 21 år.

Erstatning ytes bare når den straffbare handlingen er anmeldt til politiet. Dessuten må søkeren ha krevd at erstatningskravet tas med i en eventuell straffesak mot skadevolderen. I særlige tilfeller kan erstatning ytes selv om vilkårene i leddet her ikke er oppfylt.

Voldsoffererstatning tilkjennes bare når det foreligger klar sannsynlighetsovervekt for at skadelidte har vært utsatt for en handling som nevnt i § 1.

Endret ved lover 4 juli 2003 nr. 76 (i kraft 1 sep 2003 iflg. res. 4 juli 2003 nr. 877), 21 des 2007 nr. 125 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1576, med virkning for handlinger som har funnet sted etter dette, se endringslovens II).

Kapittel 2. Utmåling av voldsoffererstatningen m.m.

§ 4. Erstatning for skade på person

Voldsoffererstatningen skal dekke lidt skade, tap i fremtidig erverv og utgifter som personskaden antas å påføre skadelidte i fremtiden. Erstatning for tap i inntekt og fremtidig erverv fastsettes særskilt og utmåles etter reglene i skadeserstatningsloven § 3-1 annet ledd.

Har skadelidte på skadetiden ikke fylt 16 år, utmåles erstatningen for tap i fremtidig erverv etter reglene om standardisert erstatning til barn i skadeserstatningsloven § 3-2a.

§ 5. Menerstatning

Har skadelidte fått varig og betydelig skade av medisinsk art, svares særskilt menerstatning. Erstatningen fastsettes under hensyn til menets medisinske art og størrelse og dets betydning for den personlige livsutfoldelse. Det gis ikke menerstatning ved lavere uførhetsgrad enn 15 %

Har skadelidte på skadetiden ikke fylt 16 år, utmåles menerstatningen etter reglene om standardisert erstatning til barn i skadeserstatningsloven § 3-2a.

§ 6. Oppreisning

Uansett om det ytes menerstatning etter reglene i § 5, kan den skadelidte tilkjennes en slik engangssum som finnes rimelig til erstatning (oppreisning) for den voldte tort og smerte og for annen krenking eller skade av ikke-økonomisk art. Ved krenking eller mislig adferd som nevnt i straffeloven §§ 195, 196 og 200 tredje ledd skal det ved utmålingen av oppreisningen særlig legges vekt på handlingens art, hvor lang tid forholdet har pågått, om handlingen er misbruk av slektskapsforhold, omsorgsforhold, avhengighetsforhold eller tillitsforhold, og om handlingen er begått på en særlig smertefull eller krenkende måte.

Endres ved lov 20 mai 2005 nr. 28 (i kraft fra den tid som fastsettes ved lov) som endret ved lov 19 juni 2009 nr. 74.

§ 7. Erstatning til etterlatte

Voldsoffererstatning for tap av forsørger ved dødsfall tilkommer den eller de etterlatte som avdøde ved dødsfallet helt eller delvis forsørget. Erstatning kan etter forholdene tilkjennes selv om avdøde ikke ved dødsfallet forsørget den etterlatte, forutsatt at denne i nær fremtid kunne påregne forsørging. Erstatningen fastsettes under hensyn til forsørgingens omfang og den etterlattes mulighet for selv å bidra til sin forsørging.

Erstatning for dødsfall skal videre dekke vanlige utgifter til gravferden, og for så vidt det finnes rimelig, andre utgifter i anledning av dødsfallet.

Ved dødsfall har avdødes ektefelle, samboer, barn eller foreldre rett til erstatning for personskade etter reglene i § 4. Uten krav om personskade kan disse tilkjennes oppreisning etter reglene i § 6. I særlige tilfeller kan søsken tilkjennes erstatning og oppreisning som nevnt i leddet her.

For erstatning etter bestemmelsen her anses dødsfallet som ett skadetilfelle etter § 11.

Endret ved lov 21 des 2007 nr. 125 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1576, med virkning for handlinger som har funnet sted etter dette, se endringslovens II).

§ 8. Erstatning for tingsskade

Sammen med erstatning for personskade yter staten erstatning for skade på vanlige klær, proteser og andre personlige bruksting som den skadelidte hadde på seg da skaden ble voldt.

§ 9. Fradrag i utmålingen

Ved utmålingen av voldsoffererstatningen gjøres det fullt fradrag for lønn under sykdom og liknende ytelser, trygdeytelser og ytelser fra pensjonsordning i arbeidsforhold eller yrke. Videre gjøres det fullt fradrag for forsikringsytelser og annen økonomisk støtte som skadelidte er berettiget til som følge av skaden.

§ 10. Nedsettelse, lempning og reduksjon

Om nedsettelse eller bortfall av voldsoffererstatning på grunn av skadelidtes medvirkning m.v. gjelder skadeserstatningsloven § 5-1 tilsvarende.

Det skal ikke lempes eller reduseres som angitt i skadeserstatningsloven § 1-1, § 1-3 og § 5-2.

Endret ved lov 21 des 2007 nr. 125 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1576, med virkning for søknad fremsatt etter dette, se endringslovens II).

§ 11. Voldsoffererstatningens øvre og nedre grense

For hvert enkelt skadetilfelle ytes det ikke høyere voldsoffererstatning enn 40 ganger grunnbeløpet i folketrygden, jf. folketrygdloven § 1-4.

Voldsoffererstatning ytes ikke når det tap som ville kunne kreves erstattet av staten, er mindre enn kr 1.000.

Endret ved lov 19 des 2008 nr. 115 (i kraft 1 jan 2009 iflg. res. 19 des 2008 nr. 1482, med virkning for erstatning på grunn av straffbare handlingar e.l. som har funnet sted etter at endringsloven trådte i kraft).

§ 12. Overdragelse og rådighetsbegrensning m.m.

Om overdragelse og overføring ved arv av krav på voldsoffererstatning og rådighetsbegrensninger over voldsoffererstatninger gjelder skadeserstatningsloven § 3-10 tilsvarende.

Kapittel 3. Saksbehandling m.m.

§ 13. Avgjørelsesmyndighet

Søknader om voldsoffererstatning avgjøres av Kontoret for voldsoffererstatning, [og Statens sivilrettsforvaltning er klageinstans for vedtak fattet av Kontoret for voldsoffererstatning etter loven her.](#) ~~Erstatningsnemnda for volds ofre er klageinstans for vedtak fattet av Kontoret for voldsoffererstatning etter loven her. Nemnda har en leder og en varaleder og to medlemmer med personlige varamedlemmer oppnevnt av departementet for 4 år av gangen. Lederen og varalederen skal ha juridisk embetsksamen.~~

~~— Saker som ikke byr på vesentlige tvilsspørsmål, kan avgjøres av nemndas leder alene. I slike saker kan nemnda også delegerede vedtaksmyndighet til nemndas sekretariat.~~

Endret ved lov 4 juli 2003 nr. 76 (i kraft 1 sep 2003 iflg. res. 4 juli 2003 nr. 877), 21 des 2007 nr. 125 (i kraft 1 jan 2008 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1576, med virkning for søknad fremsatt etter dette, se endringslovens II).

§ 14. Saksbehandlingsregler

Forvaltningsloven gjelder når ikke annet fremgår av loven her.

Skadevolderen anses ikke som part i saken om det skal ytes erstatning til søkeren.

Avgjørelsen av saken utsettes inntil en eventuell straffesak mot skadevolderen er endelig avgjort. Det samme gjelder dersom det er reist sivil sak med krav om erstatning fra skadevolderen. Unntak fra dette kan gjøres i særlige tilfelle.

Erstatningen utbetales når det er truffet vedtak om at erstatning skal ytes. Dersom søknaden foreløpig ikke kan avgjøres av grunner som ikke skyldes søkeren, kan det utbetales forskudd i den utstrekning det finnes rimelig.

Det kan i særlige tilfelle bestemmes at en part skal få dekket utgifter til innhenting av erklæringer fra lege, tannlege, psykolog og lignende.

§ 15. Statens regresskrav

Søkerens krav mot skadevolderen eller andre som svarer for skaden går over på staten i den utstrekning det utbetales erstatning etter loven her.

Statens krav etter første ledd kan helt eller delvis ettergis dersom utvist skyld, skadevolderens økonomi eller forholdene ellers tilsier det.

Kontoret for voldsoffererstatning avgjør om det skal søkes regress og treffer i tilfelle vedtak om det.

Endret ved lov 4 juli 2003 nr. 76 (i kraft 1 sep 2003 iflg. res. 4 juli 2003 nr. 877).

§ 16. Tilbakebetaling av voldsoffererstatning

Utbetalt voldsoffererstatning eller forskudd på voldsoffererstatning kan kreves tilbake dersom søkeren har gitt uriktige opplysninger eller fortiet forhold av betydning for utbetalingen. Det samme gjelder dersom søkeren senere får dekket tapet på annen måte.

Kontoret for voldsoffererstatning avgjør om det skal kreves tilbakebetaling og treffer i tilfelle vedtak om det.

Endret ved lov 4 juli 2003 nr. 76 (i kraft 1 sep 2003 iflg. res. 4 juli 2003 nr. 877).

§ 17. Tvangsinndrivelse

Vedtak om regress eller tilbakebetaling etter §§ 15 eller 16 er tvangsgrunnlag for utlegg.

Når Statens Innkrevingsentral er pålagt å innkreve krav som nevnt i første ledd, kan den inndrive kravene ved trekk i lønn og andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingsentralen kan også inndrive kravene ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingsentralens kontor etter tvangsfullbyrdsloven § 7-9 første ledd.

Kapittel 4. Sluttbestemmelser

§ 18. Ikrafttredelse

Loven trer i kraft fra det tidspunkt Kongen bestemmer.¹

¹ Fra 1 juli 2001 iflg. res. 20 april 2001 nr. 414.

§ 19. Overgangsregler

Bestemmelsene i §§ 1, 2 og 3 annet ledd og kapittel 2 kommer ikke til anvendelse i tilfeller der det søkes om voldsoffererstatning på grunn av straffbare handlinger e.l. som har funnet sted før lovens ikrafttredelse.

For øvrig kommer loven til anvendelse i tilfeller der det etter lovens ikrafttredelse fremsettes søknad om voldsoffererstatning.

Forslag til overgangsbestemmelse i endringsloven:

Endringene i §§ 1 og 13 kommer til anvendelse for alle saker som behandles etter lovens ikrafttredelse.

Formatert: Understreking, Norsk (nynorsk)